

INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

Årsmelding 2010

Godkjend 9.5.2011

Forutan direkte oppdrag for etablerarar og bedrifter og sekretærfunksjonen for Osterøy Industrilag, har følgjande oppgåver prega arbeidet i 2010: **sekretariat for Osterfjord Nærings samarbeid**, prosjektleiar for pilotprosjekt for å utløyse ei **bioenerginæring** i Hordaland, prosjektleiar for eit **robotiseringsnettverk**, sekretær for **kompensasjonsstyret**, medlem i rådet for **Kompetansesenteret for CNC og robot** ved **Osterøy vidaregåande skule** og koordinator for Leonardo da Vinci finansiert **europaisk partnerskap** for kompetansesenter innan CNC og robot med 11 partnerar i 5 land.

Industrikonsulenten har bistått ved oppfølging av 5 **skattefunnprosjekt** i 1 Osterøy-bedrift.

Talet på **nye oppdrag**, 29, var litt høgare enn føregåande år. Talet på **etablerings-oppdrag**, 16, var som året før. Ca halvparten av desse nye etablerings-oppdraga har resultert i **nye verksemder**. I dette talet er ikkje rekna med nyetableringar i 2010 i samband med oppdrag som er registrerte året før/tidlegare år.

I 2010 arbeidde industrikonsulenten ca 98% stilling med kombinert løn frå Industrikonsulenten og prosjektløn frå Osterfjord Nærings samarbeid.

Industrikonsulenten er **sekretær for Osterøy Industrilag**. Industrilaget har hatt mykje fokus på samferdsle og er svært godt nøgd med at arbeidet med ny veg mellom Hauge og Lonevåg er i god gjenge og med at massar frå veganlegget vert nytta til vegomlegging på Bysheim. Industrilaget arbeider for Arnatunnelen og riksvegutbetringar og for å sikre og skaffe tenlege industriareal og stør etablering av eit større næringsareal på Espevoll. Industrilaget arbeider også for kompetanseutvikling, m.a. innan CNC og robot. Sjå eiga årsmelding for Osterøy Industrilag.

Kommunen har gitt tilskott til Industrikonsulent- verksemda også for 2010. Dette ligg inne i kommunen sitt langtidsbudsjett. Kommunen held kontor til Industrikonsulenten.

Me får tilskott på kr 35.000 frå **Hordland fylkeskommune** via **Osterfjord Nærings- samarbeid** til næringsutviklingsarbeid. Osterfjord

Nærings samarbeid har godtgjort arbeidet som sekretær for nærings samarbeidet med kr 70.000.

OPPDRAG

Forutan ein del oppdrag frå året før som det har vore arbeidd vidare med, har Industrikonsulenten altså fått **29 nye oppdrag i 2010**. Dette er både reine kontakt- og informasjonsformidlingsoppdrag og oppdrag der konsulenten har gjort ein "jobb" for verksemda. Omfanget av oppdraga varierer frå oppdrag som vert løyste pr telefon til det største oppdraget som var på 28 timar.

Oppdraga var fordelte slik:

	2007	2008	2009	2010
Nye etablerings-oppdrag	19	16	16	16
Nye oppdrag for etablerte verksemder	11	8	10	13
SUM	30	24	26	29

I tillegg til det som er registrert som "oppdrag", kjem ei rekkje kontaktar med verksemdene gjennom sekretærfunksjonen for Industrilaget og gjennom prosjektarbeid.

For mange av etableringsoppdraga var ønsket om å ha ein "samtalepartner" utgangspunktet for kontakten. Von om gunstig "finansiering/tilskott" var utgangspunkt for nokre. Nokre personar tok kontakt for å få utarbeidd "næringsfagleg vurdering" som grunnlag for støtte gjennom NAV. Mellom etablerings-oppdraga var det 3 oppdrag for personar med utanlandsk statsborgarskap. Det at det finst tilskotts-ordningar, er eit hjelpemiddel til å kome i kontakt med oppdragsgjevarane. Men det er svært få som oppnår å få tilskott. Skattefunnordninga med skattefrådrag for utviklingsarbeid er ei bra ordning for veletablerte bedrifter, men det er no få som nyttar seg av ordninga.

Følgjande oppstilling syner korleis oppdraga er fordelte med omsyn til storleik på verksemdene:

Tilsette	Tal oppdrag
Nyetablering	16
1-4	5
5-9	2
10-19	3
20-49	1
50-100	2
SUM	29

Dei fleste av oppdraga er komne i stand etter initiativ frå kunden, eventuelt etter tips frå andre som t.d. NAV. Kva oppdrag Industrikonsulenten arbeider med, vert i stor grad styrt av dei som er initiativrike. Ved 55% av oppdraga var første kontakt pr telefon og resten ved personleg møte eller epost. Oppdraga har vore frå 29 ulike etablerarar / verksemdar.

Oppdraga for **eksisterande verksemdar** bransjefordelt:

Mekanisk industri	4
Anna industri	4
Tenester	5
SUM	13

I desse tala kjem ikkje med oppdrag for eksisterande verksemdar som har gått over fleire år.

Etableringsoppdraga bransjefordelt:

Ulike former for tenester	9
Industri	3
Bygg og anlegg	2
Handel	2
SUM	16

Det er vanskeleg å seie kor mange verksemdar det vert av desse etablerings-sakene, mange etableringar skjer over tid, men ca halvparten har starta ny verksemd i løpet av året.

NYREGISTRERINGAR I FORETAKS-REGISTERET

For å gje eit bilete av nyetableringsaktiviteten på Osterøy, tek me med informasjon som byggjer på kunnjorde nyregistreringar i Foretaksregisteret i 2010. Dette dekkjer ikkje dei som berre er registrerte i Einingsregisteret (t.d. enkelt-personforetak som ikkje driv handel).

Selskapsform	Tal registrerte
Aksjeselskap, AS	15
Delt ansvar, DA	2
Ansvarleg, ANS	0
Norsk utanlandsk foretak i Norge, NUF	1
Enkeltpersonforetak	8
Sum	26

Bransjar

Fleire foretak opererer i fleire bransjar.

Her er berre teke med den bransjen som truleg er viktigast:

Bransjar	Tal registrerte
Eigedom, investeringsselskap	7
Bygg og anlegg	7
Tenester (elles)	5
Handel	2
Transport	2
Industri	3
Sum	26

ANDRE SAKER INDUSTRIKONSULENTEN HAR ARBEIDD MED

Forutan å vera **sekretær for Osterøy Industrilag** (sjå eiga årsmelding) har Industrikonsulenten arbeidd med mellom anna følgjande oppgåver av meir generell karakter for Osterøy-næringslivet;

* Osterøy-næringslivet fekk **kompensasjon for auken i arbeidsgjevaravgifta** frå 1.1.2000 t.o.m. 2003. Industrikonsulenten er sekretær for kompensasjonsstyret. Kompensasjonsstyret har arbeidd aktivt for å bidra til realiseringa av ny **riksveg 567 Hauge – Lonevåg** og har ytt tilskott på ca 8 mill kr i kompensasjonsmidlar. Veganlegget vert opna hausten 2011. Kompensasjonsstyret har initiert eit spleiselag for **vegomlegging på Bysheim ved hjelp av tunnelmassar**. Dette arbeidet vart fullført hausten 2010. Etter at **Osterøy Utvikling** vart avvikla pr 1.4.05, tok kompensasjons-styret på seg å forvalte restmidlane på 1,65 mill kr. Det er brukt midlar i samband med vidareutvikling av **Osterøy vidaregåande skule** innan feltet CNC og robot. Dette har gitt svært gode resultat, både m.o.t. **nytt skulebygg** som var ferdig til skulestart i 2010 og utvikling av undervisningstilbodet. Industrikonsulenten representerer Osterøy Industrilag i rådet for **Kompetanse-senteret for CNC og robot** ved **Osterøy vidaregåande skule** som vart formelt etablert 1.1.2009. I tillegg til at det vart bygd ny verkstadhall for kompetansesenteret i samband med nytt skulebygg, er det skaffa over 10 mill kr i finansiering av kompetansesenteret.

* Industrikonsulenten har for 2005-10 hatt **sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Nærings-samarbeid**. Osterfjord Nærings-samarbeid vert finansiert m.a. med tilskott frå Hordaland fylkeskommune. Osterfjordregionen får også midlar via Hordaland fylkeskommune til **Regionalt næringsfond for Osterfjord**. Sjå eiga årsmelding.

* Ei viktig oppgåve i Osterfjord Nærings-samarbeid har vore gjennomføring av eit **utviklingsprosjekt for å utløyse bioenerginæringa i Hordaland**. På slutten av 2005 sette fylkestinget av ei ramme på 4 mill kr over 3 år til denne satsinga med

Industrikonsulentent som prosjektleiar. Prosjektet er i forlenga til hausten 2011. Ved inngangen til 2011 var det att ca kr 700.000 av løyvinga. For oppdatert informasjon, sjå www.rup.no, søk «bioenergi-næring».

* Industrikonsulentent har vore pådrivar for å få i stand ein **samarbeidsavtale mellom Osterfjord-regionen og Høgskulen i Bergen**. Avtale vart inngått 15.3.2007. Industrikonsulentent er gjennom Osterfjord Nærings samarbeid medlem av samarbeidsutvalet som er oppretta.

Samarbeidsutvalet har delteke ved møte om og har initiert ein søknad til det nye **regionale forskingsfondet for Vestlandet** der det er innvilga kr 200.000 i forprosjektmidlar: "Teknologiledelse og fagopplæring i et CNC- og robotnettverk på Vestlandet: En tverrfaglig studie av kompetanseutvikling i et regionalt utviklingsperspektiv."

* Industrikonsulentent har vore pådrivar for etablering av eit **robotiseringsnettverk**. Innovasjon Norge har ytt tilskott på kr 300.000 til eit forprosjekt med Industrikonsulentent som prosjektleiar. Me skipa i 2010 m.a. til studietur til RoboCluster i Odense, Danmark. Forprosjektet vart fullført i 2010. Nettverket førebudde ein søknad som bedriftsnettverk hovudprosjekt, men Innovasjon Norge krev at ein driv business saman for å få støtte, ikkje berre betre business kvar for seg som resultat av nettverksaktivitetar. I mars 2011 har nettverket fått tilsegn om VRI kompetansemeklingsmidlar gjennom Innovasjon Norge for å førebu eit FoU-prosjekt saman med SINTEF.

* Industrikonsulentent/ Osterøy Industrilag er koordinator for ein **europaisk Leonardo da Vinci partnerskap innan kompetansesenter for CNC og robot, CaRPs**. Ca 1 mill kr vart innvilga i juni 2009. Det er med 11 partnerar i 5 land. Hordaland fylkeskommune har ytt eit tilskott på kr 400.000 som støtte til koordineringsfunksjonen. Elles frå Noreg deltek Kompetansesenteret for CNC og robot og Mjøs Metallvarefabrikk AS. Frå Sverige deltek maskinforhandlaren RAVEMA. I Slovenia er 2 skular partnerar. I Tyskland er ein skule, ei verksemd og det internasjonale kontoret ved det tekniske universitetet i Ilmenau partnerar. I Litauen er ei verksemd og eit regionforskningsinstitutt partnerar. Instituttet har knytt til seg det tekniske universitetet i Kaunas som "silent partner". Det er gjennomført 3 samlingar i 2010; Slovenia, Tyskland og Litauen.

* Presentert CaRPs på **seminar** i Bergen om **internasjonalt arbeid** i regi av Internasjonal seksjon i Hordaland fylkeskommune.

* Industrikonsulentent har bidratt med innhald til den nye portalen www.kom-an.no for m.a. Osterøy kommune, Osterfjord Nærings samarbeid, Industrikonsulentent på Osterøy og Osterøy Industrilag.

* Delteke aktivt med innspel til **Strategisk næringsplan for Bergensregionen** som er utarbeidd av BRB og godkjend i 20 eigarkommunar/fylke.

Gjorde m.a. innspel til tiltak 20: "**Synleggjøre og styrke CNC og robotklyngen i Bergensregionen**."

* Bidrege med næringslivsinformasjon til **bygdeboka for Osterøy**.

* Industrikonsulentent arbeider aktivt for realisering av **eit større næringsområde** på ca 550 da på **Espevoll; "Stort og Bergensnært"**, www.espevoll.no. Dette skjer i eit nært samarbeid både me kommunen som var initiativtakar og med tiltakshavar Osterøy Entreprenør AS. Området kom med ved revisjonen av arealdelen til kommuneplanen i februar 2011. Industrikonsulentent er m.a. medlem i styringsgruppa for områderegeringsarbeidet som er igangsett.

* Industrikonsulentent har saman med Osterøy Industrilag fått utvikla ny **heimeside**. Denne er basert på sama programvare som www.kom-an.no og www.cncogrobot.no nyttar. Dermed er oppdatering no mykje greiare.

* Industrikonsulentent har arbeidd for ny aktivitet i **bygningane og næringsområdet i Kårvika** etter konkursen i Borge Garveri AS der 67 arbeidsplassar gjekk tapt. I første omgang for å prøve å få til framhald av drifta, seinare for anna aktivitet i området. Industrikonsulentent har også bistått ved fleire nyetableringar etter konkursen.

* Som sekretær for Osterøy Industrilag har Industrikonsulentent førebudd **studietur til Kina** i mars 2011.

MØTE, KURS, FOREDRAG

Forutan møteverksemd mm. i samband med ovan-nemnde kan nemnast:

- Delteke ved fleire møte i regi av **Næringsalliansen**.
- Delteke ved **næringskonferansen** for Hordaland, ved konferanse i Bergen om lokal vekstkraft og ved **entreprenørskapskonferansen** for Hordaland.
- Delteke ved fleire seminar i regi av **Senter for internasjonalisering av høgare utdanning, SiU**.
- Delteke ved møte for **regionale tiltakskontor**.
- 19.5.10 var formannen i Osterøy Industrilag og Industrikonsulentent invitert til **mottaking i Grieghallen med sentrale medlemmer i regjeringa** i samband med deira prosjekt "Samarbeid for arbeid". Me fekk mellom andre snakka med statsminister Jens Stoltenberg, kunnskapsminister Kristin Halvorsen og regionalminister Liv Signe Navarsete. Me tok opp aktuelle tema, m.a. trongen for fokus og kunnskap innan automatisering/robotisering. Me har følgt opp kontaktane i ettertid og m.a. fått brev frå Næringsminister Trond Giske.

- **Kunnskapsminister Kristin Halvorsen** vitja Osterøy vidaregåande skule 26.10.10. Skulen var vertskap. Industrikonsulenten bidro aktivt for å få dette i stand. Det var bra pressedecking ved hjelp frå Business Region Bergen, BRB, med m.a. innslag om morgonen i nrk Hordaland og om kvelden på nrk Vestlandsrevyen.
- **Politisk rådgjevar Jeanette Moen i Næringsdepartementet** besøkte Mjøs Metallvarefabrikk AS, Kompetansesenteret for CNC og robot/Robotiseringsnettverket 2.12.10. Besøket var lagt opp av Industrikonsulenten.
- Delteke ved møte i **NCE Subsea sin maskineringsgruppe**.
- Skipa til sluttseminar for prosjektet **Autoadm**, betre styringsverktøy for minde verksemdar i bygg- og anleggsbransjen.
- Fullført **deltidsstudium i etablerarrettleiing ved Høgskolen i Bergen**, HiB. Holdt foredrag på kurset om næringsutvikling på Osterøy. Prosjektoppgåve: "Nettsteder som tilbyr gratis planleggingsverktøy for nyetablerere."

STYRINGSUTVAL

Styringsutvalet har hatt følgjande samansetjing:

Formann : Lars Magne Bysheim

Willy Helgesen, vara Sigbjørn Reigstad
Svein Skulstad, vara Jostein Jacobsen
Ordførar Kari Forseid Aakre.

DØME PÅ SPØRSMÅL SOM INDUSTRIKONSULENTEN HAR HANDSAMA I 2010

- Eg ønskjer å finne eit småbruk på Osterøy der eg kan starte ulike aktivitetar.
- Eg har nokre idear som eg lurar på å patentere. Kan du hjelpe meg?
- Me vil skilje ut eitt av våre forretningsområde. Er det mogeleg å få etablerarstipend?
- Me skal etablere ein ny produksjon der me skal nytte nokre kjemikalier. Kva må me eventuelt søkje om?
- Eg vurderer om me skal avvikle eller halde fram med drifta vår og treng ein samtalepartnar.
- Eg har tenkt å starte eige firma og treng å snakke med deg.
- Me skal oppdatere internkontrollsystemet. Kan du hjelpe oss i år også?
- Me har utvikla eit heilt nytt produkt som me vil produsere heime på garden. Er det mogeleg å få noko tilskott?

REKNESKAP 2010

Rekneskapa er ført etter kontantprinsippet. Inntekter frå fleire store prosjekt som det er arbeidd med/ har vore kostnader med i 2010, kjem ikkje før seinare.

Kasserar: Lars Mjøs. Revisor: Norodd Helle

		Totalt	Robotnett	CaRPs
3100	Konsulentonorar	184 743,00	142 143,00	
3110	Sekretær Osterøy Industrilag	40 000,00		
3121	Prosjektinntekter	84 240,00	84 240,00	
3440	Tilskott frå Osterøy kommune	150 000,00		
3441	Tilskott frå Osterfjord Nærings samarbeid	105 000,00		
3441	Tilskott frå andre			
8297	Renteinntekter	15 815,90		
	Sum inntekter	579 798,90	226 383,00	0,00
5000	Løn inkl sos utgifter	539 681,00		
5992	Seminaravgift	2 000,00		
6700	Revisjon	1 000,00		
6800	Kontorkostnader	11 180,50		2 643,75
6862	Møtekostnader	22 130,07	18 711,19	
6900	Telekostnader	6 341,28		
7165	Reise/diett elles	49 974,30	25 883,37	19 358,93
7185	Km godtgjersle	8 099,00		
7770	Gebyr	383,00	150,00	
	Sum utgifter	640 789,15	44 744,56	22 002,68
	Overskott/underskott	-60 990,25	181 638,44	-22 002,68
1500	Kundefordringar	28 250,00		
1900	Bankkonti	884 612,41		
	Sum eiga	912 862,41		
2600	Skuldig skattetrekk	0,00		
2700	Skuldig mva	44 576,00		
2770	Skuldig arbeidsgjevaravgift	0,00		
	Eigenkapital	868 286,41		
	Sum gjeld og eigenkapital	912 862,41		
	Eigenkapital 1.1.2010	929 276,66		
	Overskott/underskott 2010	-60 990,25		
	Eigenkapital 31.12.2010	868 286,41		

INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

TIL DI TENESTE

FOR KVEN ?

Alle som driv eller har lyst til å driva næringsverksemd på Osterøy, har høve til å nytta Industrikonsulenten. Verksemda di eller planane dine kan vera frå dei minste til dei største og i alle bransjar.

KVA SLAG SPØRSMÅL ?

Alle typar spørsmål som har med næringsverksemd å gjera, kan rettast til Industrikonsulenten. Me vil anten kunne svara på dei sjølve eller finna fram til stader der du kan få svar. Alle opplysningar vert handsama fortruleg.

KVA KOSTAR DET ?

Tenestene til Industrikonsulenten er gratis dersom du er nyetablerar eller me treng kort tid for å finna svar på spørsmålet ditt. Dersom spørsmålet ditt krev meir arbeid, må du etter avtale betale ein timepris frå kr 450 til kr 550.

KVEN STÅR BAK ?

Det er Osterøy Industrilag som har teke initiativ til stillinga og tilsett Industrikonsulenten. Osterøy kommune støttar stillinga økonomisk og held kontor, telefon og breiband. Industrilaget betaler sekretærgodtgjersle og ein del inntekter kjem frå oppdrag me utfører for næringslivet og for Hordaland fylke. Ordføraren er representert i styringsutvalet for verksemda.

KVEN ER ME ?

Lars Mjøs har vore tilsett som Industrikonsulent sidan 1982. Han er utdanna sivilingeniør, maskinlina, ved Norges Tekniske Høgskule, no NTNU. Han har vidareutdanning innan undervisning, miljøvern, mellom anna arbeidsmiljøspørsmål og innan etablerarrettleiing.

Han har vore med å skrive boka "Fem små mekaniske verksteder" og boka "Grunnbok i bedriftslære".

Han har 1 års verkstadpraksis frå Nylands Mekaniske Verksted i Oslo før han tok til med utdanninga og han har arbeidd 2 år som skipsvinsjkonstruktør ved BMV, Hordvikneset. Han driv også eiga konsulentverksemd med etableraropplæring og nyskaping som spesialitet.

KORLEIS FÅ TAK I INDUSTRIKONSULENTEN ?

Ring direktenummer 56 19 22 70, mobil 416 28 531, faks 56 19 21 01. E-postadressa er; lars.mjøs@osteroyindustrilag.no . Du kan og vitje Industrikonsulenten i "bustaden" ved rådhuset på Hatland. Send eller legg att ei melding om du ikkje treff nokon på kontoret. Nærare informasjon finn du på www.osteroyindustrilag.no/indkons og på www.kom-an.no